


Prolaps i korsryggen (med isjias)

Ryggsmertener relatert til prolaps i korsryggen er vanlege. Både kvinner og menn er utsett for å få prolaps med isjias i 30-50 års alderen, med ei overvekt av menn. Dei fleste opplever spontan betring i løpet av månader, og konservativ behandling er ofte tilstrekkeleg. Operasjon kan bli aktuelt for pasientar med vedvarande og funksjonsnedsettande isjiassmerter. I sjeldne tilfeller kan akuttoperasjon innan 24 timar vere nødvendig for å hindre permanent nerveskade. Dei aller fleste kjem tilbake i jobb etter operasjon, og er nøgde med resultatet.


Bakgrunn

Prolaps i korsryggen (med isjias) er definert ved hovud- eller bidiaagnose M51.1, M51.2, M51.3, M51.8 eller M51.9 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert prolaps i korsryggen og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane ABC07, ABC16, ABC26, ABC36, ABC40, ABC56, NAG34, NAG36, NAG44, NAG46, NAG54, NAG56, NAG64, NAG66, NAG74 og NAG76 (NCSP). Pasientar som er 18 år eller eldre er inkludert, med unntak i figurane som viser kjønns- og aldersfordeling for opererte (alle aldrar).

Det er årleg i gjennomsnitt 3 200 pasientar som blir operert for skiveprolaps i korsryggen i Noreg. Det utgjer 27 % av pasientane med diagnostisert prolaps som er i kontakt med spesialisthelsetenesta.



Samla tal operasjonar for prolaps i korsryggen, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt etter kjønn og i aldersgrupper.




Operasjonsrate: Tal operasjonar for prolaps i korsryggen per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Ratane er justert for kjønn og alder. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og er inndelt etter operert ved helseføretak eller avtalesjukehus som ligg i buområdet til pasienten, utanfor buområdet til pasienten eller operert ved anbodssjukehus eller hos avtalespesialist (uansett plassering).

Resultat

Det er meir enn dobbelt så vanleg med operasjon for prolaps i korsryggen i buområde Nord-Trøndelag som i buområde Telemark.

Prosentdel opererte er høgast i buområde St. Olavs og Stavanger (36 %) og lågast i buområde Telemark (14 %). Tal operasjonar per innbyggjar er relativt stabile over tid, men ser ut til å auke i enkelte buområde.

Dei fleste blir opererte på offentleg sjukehus (90 %). I enkelte buområde blir nesten alle pasientar opererte på offentleg sjukehus i eit anna buområde (opp til 93 %), og i mindre grad hos private helseaktørar (opp til 28 %).



Operasjonsrate: Tal operasjonar for prolaps i korsryggen per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for kjønn og alder.

Kommentar

Det er relativt stor variasjon i operativ behandling av prolaps i korsryggen. Det er spesielt buområde Nord-Trøndelag som skilde seg ut med høg operasjonsrate. Vi har vurdert variasjonen i operasjonsrate til å vere uønska, fordi det ikkje er kjent at førekomsten av prolaps i korsryggen varierer tilsvarande mellom ulike deler av landet.

Det var ein tydelig variasjon mellom buområda også i tal pasientar med prolaps per 100 000 innbyggjarar som var i kontakt med spesialisthelsetenesta, og i prosentdel opererte. Dette tenker vi kan reflektere ulike praksis ved sjukehus når det gjeld handtering av tilvisingar, men eventuelt også mangel på sterke retningliner.